

Lov for Folkedanslaget i BUL Tromsø

(Vedtatt på årsmøte 27/2-2013)

§1 FØREMÅL

Folkedanslaget er eit særslag i Bondeungdomslaget i Tromsø. Det har til oppgåve å ta vare på og å føre vidare norsk folkemusikk- og folkedanstradisjon, og la dette vere ei miljøskapande samværsform.

§2 MEDLEMSKAP

Alle som er medlem av Bondeungdomslaget i Tromsø og som vil rette seg etter lovene i Folkedanslaget og overordna organisasjonar kan bli medlem i

Folkedanslaget. For å ha røysterett må ein ha fylt 14 år, vore medlem i minst 3 månader og ha forholdet sitt til laget i orden. For å ha røysterett på årsmøte må ein ha betalt medlemspengane for meldingsåret.

For å bli vald til leiar i laget må ein ha vore medlem med fulle rettar i 2 år. For å bli vald til styremedlem eller varamedlem må ein ha vore medlem med fulle rettar i 1 år. Styret saman med valnemnda kan gjere unntak frå denne regelen. Vedtaket må vere samrøystes. Medlem som står til rest med årspengar for meir enn 1 år skal strykast av medlemslista. Dei skal ha skriftleg melding og høve til å betale skyldige årspengar innan 1 månad. Styret kan etter søknad fråfalle kravet om årspengar.

Årspengane er dei som årsmøtet til ei kvar tid fastsett.

§3 STYRET

Folkedanslaget skal ha eit styre med 5 medlemmer og 3 varamedlemmer.

Leiaren blir vald særskilt og for 1 år. Dei andre i styret blir vald for 2 år slik at 2 er på val kvart år. Varamedlemmene blir valde for 1 år. Alle aktive dansegrupper bør vere representert i styret. Styret fordeler mellom seg ansvar og verv utanom leiar. Styret skal stå for opplegget av lagsarbeidet, setje i verk styre- og lagsvedtak og arbeide i samsvar med Noregs Ungdomslag sine føresegner for leikarbeidet i einskildlaga.

På årsmøte skal styret legge fram ei skriftleg årsmelding, revidert rekneskap for siste kalenderår og eit spesifisert budsjett for kommande år. Rekneskap og budsjett skal sendast Rådet i Bondeungdomslaget til gjennomgang og tilråding i god tid før årsmøtet.

§4 UNDERGRUPPER

Styret kan godkjenne undergrupper etter forslag frå medlemmene, t.d. barne-, ungdoms-, seniorgrupper, eller ulike temagrupper. Gruppa vel eit arbeidsutval med leiar og så mange medlemmer som dei meiner er naudsynt ut frå talet på medlemmer og aktivitet. Leiar blir vald for eit år og medlemmene blir valde for to år slik at halvparten er på val kvart år. Gruppa sender årsmelding til Folkedanslaget i god tid før årsmøtet.

§5 ÅRSMØTE

Årsmøte blir halde kvart år i februar. Styret kallar inn til årsmøte med minst 3 vekers varsel, anten direkte til medlemmene eller ved kunngjering i pressa.

Saker som skal opp på årsmøtet må være komne til styret innan 1. februar.

Saksliste, årsmelding, rekneskap og budsjett skal ligge føre ei veke før årsmøtet.

Årsmøtet er vedtaksført med dei røysteføre medlemmene som møter. Alle framlegg blir avgjort med absolutt fleirtal av dei avgjevne røystene, dersom ikkje

anna er bestemt i lova. Alle vedtak må vere i samsvar med lover og vedtekter i overordna organisasjonar.

Årsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling og saksliste
2. Velge ordstyrer
3. Velje referent
4. Velje to til å underskrive protokollen
5. Godkjenne årsmelding
6. Godkjenne revidert rekneskap.
7. Avgjere saker som til rett tid er komne med på sakslista. Dersom Styret finn det tenleg, kan andre saker takast opp til drøfting.
8. Vedta budsjett.
9. Velje
 - Leiar
 - 2 styremedlem
 - 3 varamedlem til styret
 - Andre ombodsmenn og særstyre som føresegner og vedtak til kvar tid fastsett.
 - 3 medlemmer til valnemnd
 - 1 varamedlem til valnemnd
 - Revisor

Ved val skal det vere skriftleg røysting dersom det er meir enn eitt framlegg.

§6 OMFRAMT ÅRSMØTE

Omframnt årsmøte skal haldast når årsmøtet, styret, rådet eller 1/3 av dei røysteføre medlemmene krev det. Det skal kunngjerast som eit ordinært årsmøte. Omframnt årsmøte kan berre drøfte den eller dei sakene som kravet om omframnt årsmøte gjeld og som er kunngjorde i innkallinga.

§7 OPPLØYSING

Laget kan ikkje leggst ned så lenge minst 5 av medlemmene vil halde det i gang. Blir laget lagt ned skal eiga førebels takast vare på av Bondeungdomslaget i Tromsø. Dersom det innan 5 år blir skipa eit nytt folkedanslag i Bondeungdomslaget i Tromsø, skal midlane gå til dette laget. I motsatt fall skal Bondeungdomslaget disponere midlane til arbeid i samsvar med føremålet til folkedanslaget.

§8 LOVENDRINGAR

Endingar i desse lovane kan berre gjerast på ordinært eller omframnt årsmøte og krev 2/3 fleirtal av dei frammøtte røysteføre medlemmene. Endringane må vere i samsvar med lovene til Bondeungdomslaget, og tar til å gjelde først etter at årsmøte i Bondeungdomslaget har godkjent dei.